

# MENIGHETS blad

02 - 2023



Soul Church, Frøyland og Orstad kyrkje

KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE

2. TIM 1,7

FOR GUD GAV OSS IKKJE  
EI ÅND SOM GJER  
MOTLAUS; VI FEKK ANDEN  
SOM GJEV KRAFT, KJÆR-  
LEIK OG VISDOM.



Organ for sokna i Klepp kyrkjelege fellesråd.  
Kjem ut 4 gonger i året.

#### Redaksjonskomité:

Kari Haavardsholm - kontaktperson  
Astrid Voll  
Ståle Ravndal  
Elin Anita Garpestad

#### Layout-ansvarlig:

Linda Aanestad Haugland

#### Trykk:

Olsson as

#### Postadresse:

Menighetsbladet  
Postboks 101  
4358 Kleppe

**Telefon:** 51 78 95 55

**E-post:** [menighetsbladet@klepp-kirken.no](mailto:menighetsbladet@klepp-kirken.no)

**Bankgiro:** 3290.07.02239

## Utgivelser i 2023

Nr.	Stoff-frist	Utgivelse
3.	13.06.23	24.08.23
4.	17.10.23	09.11.23

Med forbehold om ledig plass.

**Stoff-fristen må overholdas!**

#### Mail-adresser:

[menighetsbladet@klepp-kirken.no](mailto:menighetsbladet@klepp-kirken.no)  
51 78 95 55

**Kari Haavardsholm**, 992 66 752  
[kontor@klepp-kirken.no](mailto:kontor@klepp-kirken.no)

**Astrid Voll**, 924 63 073  
[astrid.voll@outlook.com](mailto:astrid.voll@outlook.com)

**Ståle Ravndal**, 928 90 335  
[stale.ravndal@gmail.com](mailto:stale.ravndal@gmail.com)

**Elin Anita Garpestad**, 951 44 099  
[eagarpes@online.no](mailto:eagarpes@online.no)

## KONTAKTLISTE KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

### KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4350 Kleppe  
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe  
Telefon: 51 78 95 55

#### Kontortider:

Måndag til torsdag: 09.00 - 14.00  
Fredag: 09.00 - 12.00  
Elles etter avtale

#### Tilsette kyrkjekontoret:

Kyrkjeverge, Inger Kari Søyland	404 06 014
Sekretær, Kari Haavardsholm	992 66 752
Sekretær, Ingunn D Aandal	924 19 934
Diakonvikar, Liv Heidi Lie-Bjelland	948 02 264

Diakon, Ingelin Hatteland Norbakken (for alle sokna)	481 90 318
---	------------

#### Klepp sokn:

Sokneprest, Just Salvesen	410 04 692
Dagleg leiar, Hilde N. Djønne	481 25 450
Sekretær, Ingunn D. Aandal	924 19 934
Kantor, Ola Sotnakk	919 24 158
Menighetspedagog, Liv Heidi Lie-Bjelland	948 02 264
Trusopplærer, Sondre Søndervik	938 52 275
Trusopplærer, Anette Dagfinrud Thorset	919 21 631
Teknisk konsulent, Tore Myrstad	480 03 118
Kyrkjetenar, Ketil Terning	900 35 471
Kyrkjelydsarbeidar, Karoline Undheim	922 55 478

#### Orre sokn:

Sokneprest, Jarle Minnesjord	970 66 145
Menighetspedagog, Erik Gjerdahl	401 78 345
Dagleg leiar, Kristin Aalgaard Hillestad	412 37 150
Ungdomsarbeidar, Karl Ørbeck Dächert	991 56 865

### BORE KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Bjørkestubben 4, 4351 Kleppe

Sokneprest, Ivan Fjeld	948 69 841
Dagleg leiar, Hilde Kalvatn Eikeland	480 36 029
Sekretær, Kari Haavardsholm	992 66 752
Organist, Elin Underhaug Kanu	909 45 278
Menighetspedagog, Solfrid V Skalvik	934 95 349
Trusopplærer, Jarle Stokka	992 24 654
Forbønstenesta i Bore: Andrine K. Homme	909 76 477

### FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon  
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

Sokneprest, Morgan Fjelde	489 97 108
Seniorpastor, Per Larsen	454 80 788
Dagleg leiar, Marita Teigen Gamlemshaug	938 37 283
Musikalsk leiar / trusopplærer	
Inger Lende Sandve	918 40 797
Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik	928 56 689
Ungdomspastor, Elisa Omdal	454 60 727
Barne- og familiepastor, Benedicte Meling	900 19 534

## Den Gode Hyrding gjennom livet

Eg var så heldig at eg fekk fleire år saman med tre av mine oldeforeldre før dei døde. Ein av dei var oldefar Jesper. Det var alltid stas å reisa på besøk til oldemor og oldefar oppi Gjesdal, på den lille garden kor dei hadde sauer og lam, border collien Lassi, og sist men ikkje minst trampoline. Oldefar var nemleg gjeter mange år, og brukte somrane oppi Sirdals-heiene med saueflokk.

Det finst mange flotte bilete av oldefar. Eit av dei flottaste blei teke då dei ein seinsommar kom ned frå heiane og oldefar bar ein skada sau på skuldrene. Ein gjetar har omsorg for sauene og det er viktig å få dei tilbake til gardane, om det så inneber at dei må berast ned.

Me finn ei liknande historie i Bibelen; sauene som var funnen att, og omsorga gjetaren har for dei. Som vanleg med likningar Jesus fortalte, kan me forstå dette i overført betydning. Me bruker ofte hyrder eller gjetar som ei bilete på Jesus kor me er sauene hans (Lukas 15, 4-7). For Gud er alle like viktige, ønska og omsorga er like stor for alle. Og ikkje berre er det viktig, og til glede for Gud at me finn tilbake til Han att, det er også til glede for oss som er igjen å ventar på «marka».

Konfirmasjonsåret 2022/2023 blei nyleg avrunda med konfirmasjonar, og me legg bak oss eit kjekt, viktig og sosialt år. Det er nok i varierande grad kor mykje kvar enkelt konfirmant tek med seg, men eg håper og trur at dei har fått med seg det viktigaste me

kan gje dei; budskapet om ein kjærleg og omsorgsfull Gud som bryr seg og som ønsker og kallar dei alle til seg. Og om dei skulle gå seg vill, vekk frå Gud, skal dei vite at Gud alltid vil finne dei att.

La dette difor vere ei oppmuntring, ikkje berre til årets konfirmantar, men til alle som kjenner på at dei i periodar bevegar seg vekk frå Gud. Han gleder seg over deg, har enorm omsorg for deg og uendeleg kjærleik for akkurat deg uansett kor du er i livet, kor langt vekk du føler du har kome eller kor vanskeleg du kan synst det er å tru. Det er aldri for seint å snu, for å omskrive ein av Fjellvettreglane, og dette gjeld også for truslivet. Uansett kor mange skritt ein går vekk frå Jesus, er det alltid berre eit skritt tilbake. Den gode hyrdingen vil alltid ta i mot oss med opne armer, kalle saman venane sine og glede seg over deg.

Karoline Undheim,  
Kyrkjelydsarbeidar,  
Klepp Kyrkjelyd



## Kyrkjevalet 2023

**Søndag 10. september og måndag 11. september** er det val til sokneråd og bispedømmeråd. Dette går føre seg samstundes med kommunestyrevalet.

**Søndag 10. september** er det bare lokalet på Klepp rådhus som er vallokale – for alle 4 sokna. Dette er i tidsrommet kl. 14-18.

**Måndag 11. september** er det val i alle 4 sokna.

**Kandidatlistene** til dei ulike sokna er ikkje klare i det Menighetsbladet går i trykken, men de kan finna dei på heimesidene til kyrkjelydane eller få dei ved å kontakta kyrkjekontoret når dei føreligg. Full presentasjon av kandidatane vil de finna i neste utgåve av Menighetsbladet.

**Førehandsrøysting vil foregå i perioden 10. august til 8. september på kyrkjekontoret, Kleppevarden 2**

- Måndagar kl. 09-11
- Torsdagar kl. 12-14

I tillegg er det **felles førehandsrøysting på Klepp kyrkjekontor for alle sokna**

- Torsdag 31. august kl. 15-20

For første gong, vil kyrkja ha **digital løysing**. Det vert ikkje sendt ut valkort ved dette valet. Informasjon om kandidatar, lokale og tidspunkt vil bli lagt ut på heimesidene til sokna.

## Ønskjer du nokon å snakka med?

**Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.**

Sokneprest, Just Salvesen (Klepp)

410 04 692

Sokneprest, Ivan Fjeld (Bore)

948 69 841

Sokneprest, Jarle Minnesjord (Orre)

970 66 145

Sokneprest, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad)

489 97 108

# NY KYRKJEVERJE – Arvid Kaspersen



Arvid Kaspersen

Tekst: Elin Anita Garpestad. Foto: privat

## Klepp kyrkjelege fellesråd får ny kyrkjeverje frå 1. august. 2023.

Menighetsbladet har vore i kontakt med nyttilsett kyrkjeverje, Arvid Kaspersen, og stilt han nokre spørsmål. Han startar arbeidet 1. august og Menighetsbladet gratulerer han med tilsetjinga.

### 1. Kven er du?

Eg er fødd og oppvaksen på Klepp, har kone og tre barn. Alle (bortsett frå kona) har flytta ut, og det feira me ei heil veke til ende på Gran Canaria. Me bur i Verdalen og har vore fast inventar i Bore kyrkje i alle år. Kyrkja har gitt meg tilhøyrslø, identitet og meining, men også støtte og hjelp gjennom krevjande år. Eg er ein middelaldrande mann og langt over middels interessert i både menneske, Gud, god mat og bil. Å vera saman om meiningfylt arbeid, gjera ein forskjell, nå mål og oppnå resultat i fellesskap gir meg stor glede. Dei som kjenner meg, veit at eg

aldri seier nei takk til noko med melis på toppen, medan me tek ein god bil-prat. Eg har tidlegare arbeidd med attføring og tilrettelagt arbeid i 18 år i Jæren Industripartner og JSI Jobbkompetanse, både som jobbkonsulent, fagleiar og dagleg leiar. Dei siste sju åra har eg arbeidd som diakon og dagleg leiar på Utstein Pilegrimsgard. Pilegrimsgarden er eit lite retreat- og pilegrimssenter på Mosterøy, oppretta av Stavanger bispedømme. På Pilegrimsgarden har eg hatt det så godt og lært så mykje at det gjer vondt å forlata staden og menneska der ute.

### 2. Kva gjorde at du søkte stillinga som kyrkjeverje i Klepp?

Eg meiner kyrkja er ein undervurdert og underbrukt ressurs i samfunnet. Å vera kyrkje i dag er ikkje berre å fortelja ein bodskap, men å vera bodskapen. Det vil seia å stå saman og tena alt folket i bygda, gjerne organisert og leia av tilsette medarbeidarar. For meg er det ikkje viktig kva kvar enkelt trur eller meiner, kva tittel eller rolle kvar enkelt har, eller kva ein har lykkast eller mislykkast med. Kyrkja skal vera open, raus og inkluderande ovanfor alle. Dei som kjem til kyrkja, må oppleva å komma til ein god stad uansett kven dei måtte vera. Som kyrkjeverje ønskjer eg å leggja til rette for ei kyrkje som deler ut smaksprøver på Guds kjærleik til alle.

### 3. Kva tenkjer du blir viktige oppgåver for kyrkjene i Klepp i tida framover?

Me som får arbeida i kyrkja, er privilegerte. Me har fått eit oppdrag om å forvalta bodskapen om sanning, nåde og kjærleik i nærmiljøet vårt. Det kan me få til når me har det bra saman. Godt kollegialt fellesskap prega av anerkjening, støtte og oppmuntring blir viktig. I tillegg ønskjer eg at kyrkjene skal vera eit arbeidslag av engasjerte frivillige og tilsette medarbeidarar. Eg tenkjer at kyrkjene i Klepp skal vera ei folkekyrkje, ei kyrkje for alt folket både medan me lever og når me dør. Den viktigaste oppgåva til kyrkja er nærleik. Rett

nok må me driva med noko forvaltning og administrasjon for å halda i trådane, men det viktigaste er å vera der liva blir levde, vera til stades i livet til menneska i bygda.

### 4. Kva blir utfordringane?

Sannsynlegvis mange. La meg byrja først, så får eg oppdaga kva som brenn mest før eg uttaler meg. Likvel overraskar det neppe nokon at det er økonomiske utfordringar å ta tak i. Sjølv tenkjer eg at dei første utfordringane blir å bidra til å skapa arbeidsglede blant dei tilsette, motivasjon og arbeidslyst blant dei frivillige og medansvar frå dei folkevalde. Å byggja ei sentrumskyrkje blir ein krevjande og spennande prosess. Minst like utfordrande og givande trur eg det blir å byggja ein ny kyrkjekultur i og rundt den nye sentrumskyrkja. Kva slags kyrkje skal det vera? Korleis kan me leggja til rette for at kyrkja både har opne dører, opne menneske og opne hjarter? Det skal bli interessant å arbeida vidare med plan for å få til ein gravplass for Frøyland og Orstad kyrkje. Ja, så må me jo også passa godt på dei gamle kyrkjene våre, slik at dei ikkje forfell.

### 5. Kva blir gledene?

Uendeleg mange! Eg trur me er i ei tid med mykje åndeleg og eksistensiell lengsle og eg trur me vil sjå at mange vil finna både glede og oppmuntring, trøyst og styrke i bodskapen frå kyrkja. Når eg sit heime og ser at Viking lagar mål, blir eg sitjande. Når eg er på stadion, hoppar eg opp og ropar saman med resten av supporterane. Å vera saman, stå saman og gjera noko saman, er eg sikker på at vil gje gleder både innover i hjartet og utover i samfunnet.

No gler eg meg aller mest til berre å vera saman med nye kollegaer og utforska mogleighetene.

Menighetsbladet avsluttar med å ønskja Arvid Kaspersen velkommen og lukke till!

## STRIKK FOR LIVET

Konfirmantene i Bore har i år hatt mulighet til å velge forskjellige grupper. Ei gruppe var Strikk for livet. Her lærte konfirmantene å strikke. Målet var å strikke et babyteppe til strikk for livet prosjektet. Det vil si at fortidlig fødte babyer på sykehuset får disse teppene som gave.

8 konfirmanter har vært på 6 samlinger. Kvelden startet med kveldsmat og bønn. Etterpå har vi begynt å strikke. Vi brukte

påstandskort med store og små spørsmål rundt livet. Gode refleksjoner ble gjort samtidig som strikkepinnene gikk, og som en av konfirmante sa: - Vi har fått reflektere over livet, uten å bli møtt med ett karakterkrav i ettertid. Litt som en KRLE-tid med senkete skuldre. Andre tilbakemeldinger gikk også på at konfirmantene satte pris på ett fellesskap rundt tro.

Både vi som ledere og konfirmantene selv, sitter igjen med gode minner. kombinasjonen av kveldsmat, strikking og refleksjonene rundt påstandskortene, har vært en stor suksess. Tusen takk til våre 8 fantastiske konfirmanter som gjorde denne gruppa til det den var. Ekstra kjekt for oss som ledere når en av tilbakemeldingene var at

de skulle ønske vi kunne hatt det oftere en 1 gang i mnd, og at de vil anbefale dette videre til neste årskull:)

Mvh Elisabeth og Torunn Renate





# Under Lupa

## Den signede dag, som nu vi ser

.....  
av Ola Sotnakk

### Den signede dag, som nu vi ser

Ein «obligatorisk» salme til pinse er «Den signede dag, som nu vi ser». Melodien er svært godt kjend, som nok er mykje takka vere at Fedrelandssalmen blir sunge på same melodi.

Det er den danske diktarpresten Nikolaj Frederik Severin Grundtvig (1783–1872) som står bak teksten. I samband med tusenårsfesten for kristendommen i Danmark, som kom til landet ved munken Ansgar i 826, tok Grundtvig fram ei gamal dagvise, ein morgonsalme, frå 1300-talet som stod i Thomissøns salmebok (1569). Denne brukte han som utgangspunkt for sin nye salme «Den signede dag». Han skreiv denne som salme til froprediken 1. pinsedag 1826 i Vor Frelsers kirke i København, og utgav teksten i samlinga «Danske Høitids-Psalmer til Tusindaars-Festen». Salmen vart likevel ikkje brukt denne pinsedagen fordi han ikkje stod i den autoriserte salmeboka. Grundtvig sjølv gjorde seinare både endringar i tekst og talet på vers, slik at den til slutt stod att med versa 1-3, 7 og 11-13.

Denne versjonen vart teken inn i Landstads salmebok, og vidare i Landstads reviderte og Norsk salmebok. Salmen kan godt syn-gjast som morgonsalme, og i Sverige skal det ha vore tradisjon for å syngje salmen i «julottan»; det andre verset handlar jo om jula. Pinsetemaet kjem fyrst seinare uti versa, men det er altså som pinsesalme me kjenner denne, og som òg er i tråd med Grundtvigs utgangspunkt. Den gamle dagvisa er oversett av Arve Brunvoll, og står på nr. 789 i Norsk salmebok under tittelen «No kjem han frå Gud, vår signa dag».

Melodien vart skriven same året, i 1826, av organisten Christoph Ernst Friedrich Weyse (1774–1842). Han var tysk av fødsel, men kom til Danmark som 15-åring, og vart verande i Danmark resten av livet. Han var ein produktiv komponist, og skreiv både symfoniar, kantater og syngespel, i tillegg til songar og romansar. Mest kjend er han for melodiane han sette til tekstar av Grundtvig.

### 1826

1. Den signede dag med Fryd vi seer,  
Af Havet til os opkomme;  
Den lyse paa Himlen, meer og meer,  
Os alle til Lyst og Fromme!  
Det kiendes paa os, som Lysets børn,  
At Natten hun er nu omme.

2. Den signede Stund, den Midnats-Tid,  
Vor Herre han lod sig føde,  
Da klared det op i Øster-Lid,  
Til deiligste Morgen-Røde:  
Da Lyset oprandt, som Jordens Bold  
Skal lysne udi og gløde!

3. Om levende blev hvert Træ i Skov,  
Og var saa hvert Blad en Tunge,  
De kunde dog ei Guds Naades Lov  
Med værdelig Røst udsjunge;  
Thi evig nu skinner Livets Lys,  
For Gamle og saa for Unge!

4. Ja, havde end Maal hvert Straa i Vang,  
Hver Urt udi Mark og Lunde,  
Slet ikke for os den Takke-Sang  
Opstemme tilgavns de kunde,  
Som Dagen hør til, for Lys og Liv,  
Mens tusinde Aar henrunde!

5. Forgjæves det er, med liden Magt,  
At ville mod Bjerg opspringe,  
Men Ørnen er snild, han naer sin Agt,  
Naar Veiret ham bær paa Vingene,  
Og Lærken hun er en lille Fugl,  
Kan lystig i Sky sig svinge!

6. Med Sus og med Brus, den stride Aa  
Nedsuser fra Klippe-Tinde,  
Ei mæle saa lydt de Bække smaa,  
Dog risle de fort og rinde,  
Saa frydelig snøe de sig fra Eng,  
Op under de grønne Linde!

7. Saa takke vi Gud, vor Fader god,  
Som Lærken i Morgen-Røde,  
For Dagen, Han os oprinde lod,  
For Livet, Han gav af Døde,  
For Alt hvad paa Mark, i tusind Aar  
Der groed til Sjæle-Føde!

8. Saalænge vi see den gyldne Soel,  
Og Skoven er Daners Have,  
Da plante vi May i Kirke-Stol,  
Og Blomster paa Fædres Grave,  
Til glædelig Fest, med Liv og Lyst,  
Til mindelig Pinse-Gave!

9. Da rinde vel og, som Bække smaa,  
Fra Øine os Taarer milde,  
Og Bække i Flok de gjør en Aa,  
Den higer mod Lysets Kilde,  
Den stiger i Løn, som Hjerte-Suk,  
Alt aarle, og dog end silde!

10. Som aldrig saa lang er nogen Dag,  
At Aften er jo i Vente,  
Saa haver det Lys og Solbjergs-Lag,  
Som Gud udi Kirken tændte;  
Men immer det dages dog paa Ny,  
Hvor Hjerterne Morgen vente!

11. Nu sagtelig skrid, du Pindse-Dag,  
Med Straaler i Krands om Tinde!  
Hver Time, til Herrens Velbehag,  
Som Bækken i Eng henrinde,

Saa frydelig sig den Sidste snøer  
Op under de grønne Linde!

12. Som Guld er den aarle Morgen-Stund,  
Naar dagen opstaaer af Døde,  
Dog kysser os og, med Guld i Mund,  
Den liflige Aften-Røde,  
Saa tindre end maa det matte Blik,  
De blegnende Kinder gløde!

13. Saa reise vi til vort Fædre-Land,  
Der ligger ei dag i Dvale,  
Der stander en Borg, saa prud og grand,  
Med Gammen i gyldne sale,  
Saa frydelig der, til evig Tid,  
Med venner i Lys vi tale!

### Norsk salmebok

1. Den signede dag, som nu vi ser  
med blide til oss oppkomme,  
den lyse på himlen mer og mer  
oss alle til lyst og fromme.  
Det kjennes på oss som lysets barn  
at natten den er nu omme!

2. Den signede stund, den midnattstid  
da Frelseren lot seg føde,  
da klarnet det opp i østerlid  
til deiligste morgenrøde;  
da solen opprant, så mild og blid,  
som vekker oss opp av døde.

3. Om levende ble hvert tre i skog,  
og var så hvert blad en tunge,  
Guds nåde de kunne aldri dog  
med høvelig røst lovsjunge.  
For evig nu skinner livets lys  
for gamle som òg for unge.

4. Så takker vi Gud, vår kjære Far,  
som fuglen i morgenrøde,  
for dagen som lyset til oss bar,  
for livet han gav av døde,  
for alt på vår mark i tusen år  
som grodde til sjeleføde!

5. Nu saktelig skrid, du pinsedag,  
med ståler i krans om tinder!  
Hver time til Herrens velbehag  
som bekker i engen rinner,  
til frydelig de til sist seg snor  
inn under de grønne linder!

6. Som gull er en tidlig morgenstund  
når dagen står opp av døde.  
Dog kysser oss òg med gull i munn  
den deilige aftenrøde.  
Så tindrer på ny de matte blikk,  
og bleknede kinn må gløde.

7. Så reiser vi til vårt fedreland,  
der ligger ei dag i dvaler,  
der står det en borg så prud og grann  
med gammen i gylne sale,  
hvor frydelig vi til evig tid  
med venner i lys skal tale.

### Dagvisa, 1. verset

Then signadhe dagh ther jak nw se  
aff hymelin at komæ/  
han os lyse badhe lengger oc meer  
han kome os til glædhi oc fromæ  
swa j dah at vs ey sker  
ey last ey sin ey vadhæ

# — Konfirmantar 2023 —

## *Klepp konfirmantar*



*Fotograf:  
Tore Myrstad*

## *Bore konfirmantar*



## *Orre konfirmantar*



# Pilgrimsvandring

## En gjestfri rasteplass på livsveien

### FAKTA OM UTSTEIN PILEGRIMSGARD

Utstein Pilegrimsgard ligger i et gammelt skolehus på Mosterøy nord for Stavanger, i gåavstand til det snart 1000 år gamle Utstein kloster. Pilegrimsgarden ble etablert som stiftelse av Stavanger bispedømme og forankret i Den norske kirke, men med en økumenisk profil. Huset er rehabilitert og smakfullt innredet med ni overnattingsrom, kjøkken, spisesal, møterom, loftstue og kapell.

Besøk gjerne nettsidene til Pilegrimsgarden for å se årets program og bli bedre kjent med tilbudene:  
[www.utsteinpilegrimsgard.no](http://www.utsteinpilegrimsgard.no)

**Tekst:** Stavanger bispedømme / Utstein Pilegrimsgard (2023)

Like ved Utstein kloster ligger Utstein Pilegrimsgard – et sted for hvile og rekreasjon, stillhet og bønn. Et åpent hus for alle som trenger et avbrekk i hverdagen.

– Pilegrimsgarden ønsker å være et stillhetens sted som viser vei til

Kristus. Et sted der tid og evighet, jord og himmel, mennesker og Gud møtes, forteller diakon og daglig leder Arvid Kaspersen.

### – Hvem er Pilegrimsgarden for?

– Mange mennesker har travle og krevende liv og kan ha godt av et lite avbrekk i hverdagen. Vi strekker oss for andre, men glemmer og forsømmer oss selv. På Pilegrimsgarden får du fred, frakoblet roller og titler, oppgaver og ansvar. Her spør ingen hvem du er, hva du tror eller mener. Her er det nok å bare være til. Noen kommer til Pilegrimsgarden for å bruke tid til fordypning i Guds ord, bønn og ettertanke.

### Lyden av stillhet

Stillheten er kanskje det som særpreger stedet aller mest, forteller Kaspersen.

– Frakoblet mobil og nettbrett, forventninger og krav, finnes en tone, en klang eller en sang. Lyden av stillhet! Harmoniene kan være vakre, trøstende og oppmuntrende, men også utfordrende og krevende. Noen ganger synger fuglene, andre ganger blåser det kraftig både ute og i livet. Hører vi etter hva kroppen vil fortelle oss? Hører vi Guds stemme? Stillhet er ikke fravær av lyd. På Utstein er det lyd av barn som leker og traktorer som sliter. Men Pilegrimsgarden inviterer til å lete etter- og utforske en annen livgivende stillhet.

### Bønn og arbeid i et godt fellesskap

Pilegrimsgarden har åpent hus for enkeltpersoner og grupper, for noen timer et døgn eller flere dager. De som ønsker kan delta i daglige enkle liturgiske bønner, sette en gjærdeig eller luke litt i bedet. Noen ganger trengs et strøk maling, andre ganger må lyspærer skiftes.

– Det arrangeres stille dager med meditasjon og bønn, retreat, kurs og pilegrimsvandring. På stille dager og retreat er det fokus på rekreasjon og hvile mens vi lytter etter stillhetens melodi, våre egne lengsler og behov. På pilegrimsvandringene går vi fra sted til sted og hører på sangen fra skaperverket og gjenklangen i vårt indre.

### Å søke tro og håp

#### – Hvorfor reise på retreat?

– Det skjer noe med oss når vi legger bort telefon og nettbrett og er fullstendig frakoblet alt og alle, selv bare for et par dager. Det skjer noe med oss når vi ikke skal prestere eller yte noe, ikke være hyggelige eller morsomme sammen med andre, bare tenke på oss selv. Når sansene åpnes smaker maten annerledes, vi legger merke til lukten fra blomstene, sildringen fra bekken og kjenner hvordan vinden rusker i håret. Det skjer noe med oss når hjertet åpnes for Skaperen og Livgiveren.

– Å være på retreat er å søke tro og håp på livsvandringen, sier Arvid.





LANGS KYSTPILEGRIMSLEIA  
MELLOM EGERSUND KIRKE OG OGNA KYRKJE

# PILEGRIMSVANDRING SØNDAG 11. JUNI 2023

**Viktige tidspunkter:**

Ankomst tog Egersund 10:05  
Ord til pilegrimen utenfor Egersund kirke 10:35  
Avgang Egersund kirke 10:45, avgang Eie 11:05  
Ankomst Maurholen 12:45  
Ankomst Hellvik stasjon 13:45  
Friluftsgudstjeneste på Lunhulen 14:30  
Avgang Lunhulen 15:30  
Felles avlutning ved ankomst Ogn kyrkje  
Første tog til Stavanger går 18:33.  
Tog til Egersund 18:50

VI ER ET  
FOLK PÅ  
VANDRING

Arr. Egersund menighet  
og Jæren prosti



Ta med:  
Egen mat og drikke,  
godt skotøy og klær  
tilpasset  
vær og vind.  
Påmelding er ikke  
nødvendig.

# Kortreist sommerleir

«Kortreist» sommerleir 26.-29. juni

Av Morgan Fjelde

I en rekke år har ungdommer og familier fra Frøyland og Orstad kyrkjelyd reist til Ukraina og arrangert sommerleirer for ukrainske barn. Disse turene har vært utrolig spennende og innholdsrike. Vennskap på tvers av generasjoner og nasjoner har oppstått.

Dette stoppet opp under koronapandemien, og en hadde forsiktig begynt å planlegge ny tur i 2022. Da satte dessverre Russland sin krig mot Ukraina en stopper for disse planene.

Etterhvert som mange ukrainske familier kom til Norge som flyktninger, vokste det frem en tanke om leir her i Norge. En komité bestående av ukrainere og nordmenn samlet seg. Tilbakemeldingene fra ukrainerne gjorde at vi ønsket å satse på dette, og vi har fått til et godt samarbeid med Holmavatn leirsted.

På Holmavatn vil en kunne oppleve norsk natur og aktiviteter både til lands

og til vanns, og forholdene ligger godt til rettes for at vennskap kan bygges. Her serveres god mat, og overnatting skjer i flotte omgivelser. Holmavatn gir gode rammer for at dette kan bli minnerike dager!

Da påmeldingsfristen gikk ut, hadde 84 ukrainere meldt seg på leir. Samtidig vil vi få besøk av 4 ukrainere fra Uzhhorod-området i Ukraina. De vil ha ansvaret for undervisningen på leiren.

Drømmen er å kunne gi ukrainere i Norge et ferietilbud uten at det koster dem noe særlig. De vil betale en symbolsk egenandel (200 kroner pr familie), mens budsjettet for leiren ligger på cirka kroner 170 000.

For å få finansiert dette har vi fått god økonomisk støtte av ulike aktører i næringslivet, og vi er snart i mål. Men vi mangler fortsatt noe, så er det noen som tenker at de gjerne vil støtte dette prosjektet økonomisk, er det bare å ta kontakt med sokneprest Morgan Fjelde på telefon 489 97 108.



# Soul

## Church, Children & Teens

**Det er en tid for alt – også for å feire en gudstjeneste med et litt annet særpreg enn på en ordinær søndag. Kombiner Soul Children kor fra Frøyland og Orstad, Sandnes, Ålgård, Randaberg og Tasta, samt det nyoppstartede West Soul Teens som samler ungdommer fra store deler av Sør-Rogaland, og det blir til en gudstjeneste av type Soul Church!**

Av Inger Lende Sandve og Marita T. Gamlemshaug

Søndag 19. februar deltok nesten 150 tweens og ungdommer på gudstjeneste i Frøyland og Orstad kyrkje. Gudstjenesten var avslutningen på en korhelg med fellesøving og konsert på lørdagen – og Soul Church på søndagen.

En slik korhelg betyr mye på mange plan. Deltagerne får med seg en solid porsjon musikk- og formidlingsglede, samtidig som de også får muligheten til å etablere nye vennskap og få kjenne på at de er en del av et større Soul Children-fellesskap.

**Har du lyst til å være med i Soul Children eller Soul Teens?** I Frøyland og Orstad har en både Soul Children fra 5.-8. trinn og Soul Teens fra 9. trinn og oppover. Begge korene har øvingstid mandager.

I tillegg er det nå tilbud om å være med i et regionalt Soul Teens kor, West Soul Teens, som øver i Frøyland og Orstad kyrkje en mandag i måneden. West Soul Teens spiller i disse dager inn to selvskrevne låter. Koret med 70 ungdommer fra hele fylket kan du høre på årets Jærgårds i Kleppeloen. Her vil de ha sin release på låtene og være en av artistene på hovedscenen.

Mer informasjon om noen av korene? Sjekk ut [www.fok.no](http://www.fok.no).



# Seniorfest

på Kleppe bedehus 21. mars.



**Tekst og foto:** Ståle Ravndal

Nærmere 100 deltakere på årets seniorfesten på Kleppe bedehus. Jæren kammerkor deltok med to avdelinger. Kveldens foredragshaldar var Ernst Baasland. Han var som kjent vår biskop i åra 1998 til 2009. Foredraget hadde tittelen: «CARPE DIEM» Det handler om å finna det gode liv. Me må alle strebe etter det. Leve godt, mestre motgang, leve rett og få mest mulig utav det korte livet me har. Dette er livskunst!

Etter ei lang og god matøkt, var det åresalg. Det var Wako Roba som hadde skaffa flotte gevistar. Inntektene av salget gjekk til Stiftelsen Roba Utviklingshjelp som driv utviklingsarbeid i Siraro distriktet i Etiopia. Allsong høyrde sjølv sagt også med på ein slik gild kveld og ved pianoet sat Anne Mundal, som også var settedirigent for Jæren kammerkor.

Diakonutvalget ved møteleder Magne Gjesteland gjorde alle eit framifra arbeid.

## Velkommen til MISJONSFEST i Trøndelag!

Det er med glede NMS (Det Norske Misjonsselskap) inviterer til Sommerfest og generalforsamling i Stjørdal 29. juni-2. juli 2023!

**Tekst:** Birger Foseide

**Foto:** Maria Indrøy Risanger

– Festen handler om misjon som har forandret og fortsatt forandrer verden. Det handler om deg og meg og vi, som sammen deler troen på Jesus, bekjemper urettferdighet og utrydder fattigdom. Det sier en entusiastisk leder for hovedkomiteen, Greta Gravås Aarhun. Dette er en fest som fokuserer på mennesker som får erfare verdig liv og varig håp midt i utfordrende omgivelser. Vi snakker om et gledens budskap for alle folk! Velkommen til et innholdsrikt program med spennende gjester og historier som berører, fortsetter hun.

### Over 1000 deltakere

NMS har lagt generalforsamlinga si og den store sommerfesten sin til Trøndelag i år. Dette arrangeres hvert tredje år, men på grunn av pandemien er det nå seks år siden forrige storsamling. Det ventes over 1000 deltakere til dette storstevnet som skal foregå på Scandic Hell Hotell.

Det blir bibeltimer og kveldsmøter hver dag. Lørdagen blir det storsamling i Stjørdal sentrum med Torgmøte. Avslutningsgudstjenesten søndag 2. juli blir i Nidarosdomen med misjonspreg og med preses Olav Fykse Tveit som predikant. Den blir overført direkte på NRK radio.


### Gjester fra hele verden

Til Sommerfesten & Generalforsamlingen kommer det utsendinger fra hele Norge og fra NMS sine samarbeidskirker. Biskop Thomas kommer fra Egypt, og kirkepresidenten i Mekane Yesus-kirka i Etiopia blir med som forkynner. Det er eget opplegg for barn, og ungdom har sine egne samlinger og turer. Det er også lagt opp til fellesskap for hele familien.

Når det gjelder programmet, trekker Gravås Aarhun fram disse godbitene:

– Det blir et fantastisk konserttilbud på kveldstid med store artister som Samuel Ljungbladh, Solveig Slettahjell, Frode Fjellheim og koret Cantus. Temaet for sommerfesten er: «Med glede!» Og dette vil prege forkynnelsen og samværet under denne storsamlinga. Den skal være et vitnesbyrd om Guds glede over sitt skaperverk, og utfordre oss til å glede oss over å få være Guds tjenere i hans kirke på jorda.

Gå inn på nettsida: [nms.no/sommerfest](https://nms.no/sommerfest) for å finne mer informasjon om programmet og om påmelding.



# Gudstenester

## Klepp Kyrkje

*(Alle gudstenester startar kl 11.00 der anna ikkje er oppført)*

**21.05.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp. Andreas Haarr

**28.05.** kl. 11.00

Høytidsgudsteneste 1. pinsedag. Just Salvesen

**29.05.** kl. 11.00

Frluftsgudsteneste på Krosshaug. Just Salvesen

**04.06.** kl. 11.00

Frluftsgudsteneste i Kleppeloen. Skaperverkets Dag.

**11.06.** kl. 11.00

Temagudsteneste. Nattverd. Kjell Aanenesen taler. Just Salvesen

**18.06.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen

**02.07.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp og nattverd. Ivan Fjeld.

**23.07.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp og nattverd. Ivan Fjeld.

**20.08.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp. Just Salvesen

**27.08.** kl. 11.00

Oppstartgudsteneste. Just Salvesen

**03.09.** kl. 11.00

Gudsteneste på Jærhagen. Just Salvesen

**10.09.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp. Vikar

**17.09.** kl. 11.00

Temagudsteneste med nattverd. Just Salvesen

**24.09.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp. Just Salvesen

*Endringar kan førekoma - følg med i Jærbladet og på heimesida.*

## Bore kyrkje

*(Alle gudstenester startar kl 11.00 der anna ikkje er oppført). Ønskjer du å abonnera på Bore kyrkje sin infomail kan du sende namn og mailadresse på SMS til 948 69 841.*

**21.05.**

Ikkje gudsteneste.

**28.05.**

Høgtidsgudsteneste med dåp. Pinsedag. Ivan Fjeld. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**04.06.**

G2-gudsteneste. Frivillige leiingar. Offer til Byprestane i Sandnes. Søndagsskule.

**11.06.**

Familiegudsteneste på Voll stadion. Speidarane deltek. Aktivitetar etter gudstenesta. Ivan Fjeld. Offer til Bore speidarane.

**16.07.**

Fellesgudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen. Offer til Misjonsalliansen.

**30.07.**

Fellesgudsteneste med dåp og nattverd. Aksel Johan Lund. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**27.08.**

G2-gudsteneste med dåp og semesterstart. Ivan Fjeld. Søndagsskule.

**03.09.**

Fellesgudsteneste på Jærhagen. Nattverd. Ivan Fjeld og Just Salvesen.

**10.09.**

Konfirmantpresentasjon. Ivan Fjeld.

**17.09.**

Gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld.

**24.09.**

Ikkje gudsteneste.

## Orre kyrkje

Alle gudstenester startar kl. 11 og Jarle Minnesjord er prest dersom anna ikkje er oppført.

**29.05.** kl. 18.00 2. Pinsedag.

Gudsteneste med nattverd. Kollekt til Klepp nye kyrkje.

**11.06.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

**23.06.** kl. 19.00

Orre gamle kyrkje. Gudsteneste med dåp. Kollekt til Åpne dører

**09.07.** kl. 11.00

Gudsteneste med dåp og nattverd. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet

**29.07.** kl. 19.00

Orre gamle kyrkje. Gudsteneste med dåp. Kollekt til Misjonsalliansen.

**13.08.** kl. 11.00

Familiegudsteneste med skulestart. Dåp. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

**03.09.** kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Kollekt til Byprestene i Sandnes.

**17.09.** kl. 11.00

Gudsteneste. Kollekt til Rogalandsgården i Kamerun / Sambolaboprojektet

*Endringar kan førekoma – følg med i Jærbladet og på heimesida.*



# Tekstane

## Søndag før pinse

– Søndag 21. mai  
Hag 2,3–9 eller  
Apg 1,12–14  
1 Pet 4,7–11  
Joh 15,26–27

## Pinseaftnen

– Lørdag 27. mai  
2 Mos 24,3–11  
Ef 2,17–22  
Joh 7,37–39

## Pinsedag

– Søndag 28. mai  
1 Mos 2,4–9  
Apg 2,1–11 eller  
Rom 8,9–11  
Joh 20,19–23

## 2. pinsedag

– Mandag 29. mai  
Joel 3,1–2  
Apg 10,34–48  
Joh 16,5–11

## Treenighetssøndag

– Søndag 4. juni  
5 Mos 6,4–9  
1 Pet 2,4–10  
Matt 28,16–20

## 2. søndag i treenighetstiden

– Søndag 11. juni  
2 Mos 14,15–22  
Tit 3,4–7  
Matt 3,11–12

## 3. søndag i treenighetstiden

– Søndag 18. juni  
Jes 25,6–9  
Åp 19,5–9  
Luk 14,15–24

